

**SAKSPAPIR**

Saksnr	Utval	Type	Dato
06/2016	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	01.02.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE - 242, FA - K00	15/93

**TILDELING AV MIDLAR TIL STØLSVEGPROSJEKTET I EKSINGEDELEN FRÅ VAKSDAL
KOMMUNE SITT FOND FOR VILT, FISKE OG FRILUFTSLIV****Vedlegg:**

Søknad om midlar frå Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv (etter Eksingedalsreguleringa)
Notat om fondsøkonomi og tildeling i 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet/plan- og økonomiutvalet i Vaksdal kommune løyver inntil kr 35 000,-, og maksimalt 15 % av dokumenterte utgifter, til stølsvegprosjektet i Eksingedalen i regi av Eksingedalen bygdaråd. Tilskotet skal nyttast til å dekkje kostnadene med gjennomført innkjøp av nye informasjonstavler.

Tilskotet er løyvd frå Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv. Tildelinga er heimla i §§ 2 og 5 i fondsvedtekten.

Tilskotet vert utbetalt når godkjent sluttrapport med naudsynt dokumentasjon ligg føre (kostnadsoppsett, kopi av faktura, bilet og liknande). Midlane er tilgjengelege ut 2016.

VILKÅR: - Vaksdal kommune kan synfare tiltaket.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 06/2016**FPØ - Behandling:**

Samrådstes vedtak.

FPØ - Vedtak:

Formannskapet/plan- og økonomiutvalet i Vaksdal kommune løyver inntil kr 35 000,-, og maksimalt 15 % av dokumenterte utgifter, til stølsvegprosjektet i Eksingedalen i regi av Eksingedalen bygdaråd. Tilskotet skal nyttast til å dekkje kostnadene med gjennomført innkjøp av nye informasjonstavler.

Tilskotet er løyvd frå Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv. Tildelinga er heimla i §§ 2 og 5 i fondsvedtekten.

Tilskotet vert utbetalt når godkjent sluttrapport med naudsynt dokumentasjon ligg føre (kostnadsoppsett, kopi av faktura, bilet og liknande). Midlane er tilgjengelege ut 2016.

VILKÅR: - Vaksdal kommune kan synfare tiltaket.

Saksframstilling:

Bakgrunn

Eksingedalen bygdaråd, ved styreleiar Frøydis Gullbrå, søker Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv om kr 70 260,- i finansiering til stølsvegprosjektet i Eksingedalen. Tilskotet skal nyttast til delfinansiering av innkjøpte informasjonstavler.

I følgje søknaden vart stølsvegprosjektet i Eksingedalen starta opp i byrjinga av 2000-talet i regi av bygdarådet. Føremålet var å rydde og merke alle stølsvegar i dalen. Arbeidet var omfattande, sidan mange av vegane/stiane var attgrodde og «usynlege». Det vart òg laga informasjonsbrosjyre og informasjonstavler om alle stølane. I 2009 fekk bygdarådet tildelt «Kulturlandskapsprisen i Hordaland» for arbeidet.

Stølsvegane/turstiane er jamnleg haldne ved like gjennom rydding og merking, hovudsakleg på dugnad. Arbeidet har ført til gode turmogelegheiter og auka ferdslle til fjells.

Midlane frå kulturlandskapsprisen og andre finansieringskjelder, er nytta til innkjøp av nye informasjonstavler. Tavlene var ferdige i 2015. Kostnadane vart noko høgare enn føresett, og det er trong for kr 70 260,- i restfinansiering, som omsøkt.

Faktiske kostnadar med informasjonstavlene og tildelte midlar, er som følgjer:

Post	Kostnadar (kr)	Finansiering (kr)
Grafisk arbeid, design og produksjon	139 990,-	
Omsetjing av tekst til engelsk	3 300,-	
Trykking av tavler og skilt	37 578,-	
Kulturlandskapsprisen		50 000,-
Midlar frå Gjensidigestiftelsen		45 000,-
Omsøkte midlar frå lag i Eksingedalen		60 000,-
SUM	1. 260,-	155 000,-
		- 70 260,-

Vurdering

Tilrettelegging for friluftsliv er eitt av føremåla med Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv, jfr §§ 2 og 5 i fondsvedtekten. I dette høve ligg søknaden om tilskot innafor fondsføremålet, sidan tavlene informerer om og tilrettelegg for friluftsliv.

Stølsvegprosjektet er eit prisverdig gjeremål frå bygdafolket i Eksingedalen si side. Gjennom prosjektet synleggjer og tilgjengeleggjer dei den nære kulturhistoria i dalen. Samstundes vert det stimulert til fysisk aktivitet og god folkehelse. Skulen og lokalt reiseliv kan òg ha nytte av prosjektet, som har stor, ålmenn nytteverdi.

I følgje § 5 i vedtekten for fondet, er målet at bruken av midlane over ein 5-årsperiode, viser følgjande fordeling: Fiske 50 %, vilt 25 %, og friluftsliv 25%.

Fordelingsnøkkelen er retningsgjevande for løyvingane frå fondet, og kommunen mottek flest søknadar om tilskot til friluftslivstiltak. Tildeling av midlar til kvart einskild tiltak, må såleis vurderast i høve til andre søknadar, tilgjengelege midlar og tidlegare løyvingar til fondsføremåla.

Med bakgrunn i dette, finn rådmannen grunnlag for å løyve inntil kr 35 000,- til omsøkt tiltak, som er ein reduksjon på kr 35 260,- i høve til søknaden.

Tildelinga fører ikkje til at grunnkapitalen for fondet kjem under kravet på minimum kr 250 00,-, jfr. § 3 i vedtekten.

Det vert vist til vedlagt notat om fondsøkonomien og tildelingar i 2015, som grunnlag for politisk handsaming av søknaden.

Konklusjon

Søknaden om tilskot til nye informasjonstavler for stølsvegprosjektet i Eksingedalen, er i samsvar med føremålet til Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv. Rådmannen tilrår difor inntil kr 35 000,- i tilskot til Eksingedalen bygdaråd for å dekkje dokumenterte utgifter til innkjøp av tavlene.